



Blir det ein draumedag på Nåso søndag? Kristian Bringedal tok dette bildet i fjor.

Kvinnherad Turlag slår fast at ein skitur i godt ver og på godt føre frå Tveitedalen til Ulvanåso er eit av vårens vakraste eventyr.

Og dette eventyret kan du kanskje oppleva hvis du blir med på turen søndag!

Som vanleg skjer starten ved skihytta Ternebu og går inn Tveitedalen og opp lia aust for Børsdalen. Ved det gamle stølshuset på Dyrrindo er ein over skoggrensa og kan nyta utsikten over Tveitedalen og Skåneviksfjorden. Etter ein rast går turen opp den bratte, men korte lia bak selet. No er den brattaste delen av turen gjort unna og det blir innbydande skiterreng oppover mot toppen.

Halvveges mellom Dyrrindo og Nåsotoppen ligg Dyrrindo og der blir det ein god rast. Så går turen langs ein lang, slakk skråning oppover mot toppen.

Til høgre ligg Øktaredalstind og ein tur fram mot kanten gjev eit imponerende utsyn ned mot dei øvste gardane i dalen, som ligg 900 meter under turdeltakarane.

Turlaget reknar normalt 3,5 timars gangtid for skituren til Ulvanåso, der toppen er 1247 meter over havet.

Til gjengjeld får ein altså oppleva ein av dei finaste toppane i Kvinnherad med eit fantastisk utsyn mot Stord, Bømlø og havet i vest, fjorden i nord, Folgefonna i aust og Haugalandet i sør.

Turlaget strekar under at ein ikkje treng å vera kjempespek, berre i normalt god turform og van med ski på beina.

Men er det klokt å ta med skifeller.

Av Ola Matti Mathisen



Blir du med til topps på Nåso søndag? Her er ei gruppe undervegs eit tidlegare år.